

## **Spørsmål til Fylkesrådmannen ved Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse.**

Etter eit kommunestyremøte i Fjaler blei det i Mars gjort offentleg kjent at ein lærling i Sogn og Fjordane energi, ikkje ville få jobb som følgje av sitt samfunnsengasjement. Seinast omtalt i innlegg i [Fjordenes Tidende](#).

Om dette får legge lista for kva som er ok framferd ifrå lærebedrifter i fylket vårt, så er det grunn til bekymring for ungdom sitt rettmessige demokratiske samfunnsengasjement i framtida, kombinert med utsiktar til lærekontrakt. I lys av koronakrisa, er det heilt naudsynt at fylkeskommunen ser til at lærlingar får gjennomført fagbrev, og at dei blir følgt opp i bedrift og helst kjem ut i jobb etter end læretid. Ein må kunne forvente at ein offentleg eigd bedrift som Sogn og Fjordane energi, er gjort godt kjent med lærlingar sine rettar og pliktar, og er fullt i stand til å sikre tilsetting av lærlingar som kan bidra med naudsynt kompetanse. Samfunnsengasjement er noko vi som fylkeskommune, må applaudere og verne om, det er etter Raudt sitt syn uakseptabelt at ein lærebedrift skremmer unge lærlingar ifrå å ta sin rettvise del i demokratiet, som vi no ser i dette dømet. Raudt Vestland meiner leiinga i SFE ikkje har handtert denne saka tilfredsstillande, og det må på plass ein tydeleg instruks ifrå opplæringsavdelinga i fylkeskommunen for å førebyggje at det oppstår liknande tilfelle i denne eller andre bedrifter i framtida.

**Med dette som bakteppe stiller Raudt Vestland følgjande spørsmål:**

- Har fylkesdirektøren gjort seg kjent med saka, og har fylkesdirektør tatt initiativ til å sikre at denne saka blir spesifikt følgt opp av rettleiingstenesta, i så tilfelle: kva blir/har blitt gjort?
- Vil fylkesdirektøren ta initiativ til å gje bedrifta SFE ei overordna opplæring i kva type lovverk som varetar lærlingar sine rettar, når det kjem til arbeidsliv og samfunnsengasjement?
- Har rettleiingstenesta strukturar og verktøy som sikrar at bedrifter får adekvat informasjon og instruks om lærlingar sine rettar og pliktar samt kva som er forventa av bedrifta for ivaretaking av lærlingen og respekt for denne sitt samfunnsengasjement på fritida?
- Vil rettleiingstenesta varsle arbeidstilsynet om lærlingen ikkje får fast jobb?